

MRSA-screening

Analysemetode

Bakteriologisk dyrking på spesialmedier

Indikasjon

Indikasjonar for MRSA-screening framgår av [MRSA-veilederen](#) frå Folkehelseinstituttet, her gjengitt forkorta:

Ved innlegging og før pasientretta arbeid skal det takast MRSA-prøve av alle som:

- tidlegare har fått påvist MRSA, men ikkje seinare har hatt tre negative kontrollprøvar,

eller som i løpet av siste 12 månader har:

- fått påvist MRSA (sjølv om seinare kontrollprøvar har vore negative), eller
- budd i same husstand som MRSA-positive, eller
- hatt nær kontakt med MRSA-positive utan å bruke verneutstyr (her meinast kontakt som gjev grunn til mistanke om smitte)

eller som i løpet av siste 12 månader har vore i land utanfor Norden og der har:

- vore innlagt i helseinstitusjon, eller
- fått omfattande undersøking eller behandling i ei helseteneste (her meinast behandling over fleire timar, innlegging av framandlekam også hos tannhelseteneste og sårbehandling), eller
- arbeidd som helsearbeidar (i - eller utafor helseinstitusjon), eller
- opphalde seg i barneheim eller flyktningleir og liknande.

I tillegg skal det takast MRSA-prøve av alle som har kliniske symptom på hud-/sårinfeksjon, kronisk hudsjukdom, og som i løpet av dei siste 12 månader har:

- opphalde seg samanhengande i meir enn 6 veker i land utanfor Norden

Frå **helsepersonell** takast prøve frå:

- nasebor (vestibulum nasi) (ein kan bruke same pensel på begge sider),
- hals (begge tonsillar og bakre svelgvegg)
- evt. sår, eksem, ferske arr eller andre defektar i hud

Frå **pasientar** takast i tillegg prøve frå:

- perineum
- rundt innstikkstad for framandlekamar (kateter, dren, trakeostoma, og liknande)
- kateterurin (dersom pasienten har permanent kateter).

Prøvetaking

Prøven takast med steril vattpensel, om naudsynt fukta i steril NaCl. Ved prøvetaking frå nasen strykast bomullspenselen mot innsida av begge nasevengene (ikkje for langt inn) tre gonger og setjast tilbake i røyret, og prøven sendast mikrobiologisk avdeling i vanleg transportmedium.

Ved prøvetaking frå infiserte sår, utslett og liknande fjernast eventuelt først puss og skorper med sterilt saltvatn.

Merk remissen tydeleg med problemstillinga, t.d. "Pasient som har vore innlagt i MRSA-screening".

Prøvetakingsutstyr

Vanleg bakteriologisk transportmedium:



Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

Haldbarheit

3 døgn. Eldre prøvar kommenterast i svar.

Vurdering i laboratoriet

Ved vekst av mogleg MRSA, vert funnet verifisert ved påvising av mecA-og nuc-gen ved PCR.

Forventa analysetid

Prøven svarast ut etter 2, sjeldnare 3-5 virkedagar.

Feilkjelder

Feil prøvetakingslokalisasjon.

Lite prøvemateriale og lang transporttid aukar risikoen for falskt negativt resultat.

Utførast av

Bakteriologisk fagområde, evt. Molekylærbiologisk fagområde (PCR-analysane)

Fagområde

Bakteriologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

18.10.2018 Karina Astrup